



Tryggheimhelsing

Heiltente for hjelpearbeid

s.12



Temadag
s. 4-5



For ein
arbeidsplass
s. 6



Eit år i
utlandet
s. 8-9



Rektor har ordet



Skulen, den viktigaste verdiarenaen?

Skulen er den viktigaste verdiarenaen vi har, står det i Stavanger Aftenblad (19.11.13), det er her vi støyper grunnmuren for samfunnet vi ønskjer å byggje i morgon. Det er her vi kan bringe vidare dei verdiane som har gjort Noreg til eit av verdas beste land å vekse opp i.

Meir kristen kunnskap - KRLE

I haust har det vore blest om ein, for nokre, problematisk K. Regjeringsforhandlingane i haust resulterte nemleg i ei styrking av kristendommens plass i norsk skule. Det som tidlegare var KRL, vart til RLE i 2008. Men no vert det endra til KRLE (kristendom, religion, livssyn og etikk) med 55 % kristendom. Sjølv om kvalitet er endå viktigare, så er også kvantitet viktig. Vi heier på meir kunnskap om kristendommen blant barn og unge – det er viktig i landet vårt!

Meininga med livet? I skulen?

"Hjå deg er livsens kjelde," står det i Sal. 36,10. Vidare står det i 2. Kor. 4,18: "Vi har ikkje det synlege for auga, men det usynlege. For det synlege er forjengeleg, det usynlege evig."

I den kristne friskulen får vi uavhengig av K'en i KRLE halde fram for elevane dei evige verdiane i den kristne trua. Vi trur ikkje på den livssynsnøytrale skulen. Alle pedagogar gjev barn og ungdom brillar å sjå verda med. Vi siterer ein ikkje-kristen tysk pedagog, Klaus Mollenhauer: "Opp-

seding er å meddele elevane det som er viktig for oss sjølv." Ein formidlar på forskjellige måtar kva som er viktig, kva som er meininga med livet. Viss ein ikkje snakkar om Gud, så formidlar ein det at det ikkje er nokon Gud. Viss ein aldri snakkar om evig liv, så formidlar ein det at det ikkje er noko evig liv. Skal ein skule prøve å vere nøytral, då er det mange ting ein ikkje kan ta fram, f.eks. meininga med livet. Men er det rett å ha born på skulen i 10 år utan å snakke om meininga med livet? Vi trur ikkje det. Det å tolke røyndommen på ein annan måte er ei oppgåve for ein kristen skule. Vi ønskjer ikkje å sende frå oss ungdommane med bare rein faktakunnskap – vi ønskjer å sende dei frå oss med noko meir, men med ekstra merksemd på respekt for kvar enkelt elev.

Temadag for elevar og foreldre

Vi har hatt temadag for elevar og foreldre. Professor Gunnar Breivik, som sjølv hadde sine barneår på ein annan NLMvgs-skule, Drottningborg, gledde oss med både god undervisning og forkyn-

ning. No veit vi alle litt meir om "Fysisk aktivitet, spenning og det gode liv!" Vi vil som Breivik heller ikkje ha færre beinbrot i landet vårt - vi vil ha fleire! For vert det færre beinbrot, så er det truleg eit teikn på at barn og ungdom har gått i hi. Det ønskjer vi ikkje! Barn og ungdom må ut av privatrommet og dataverda. Gå ut og utforsk verden! fekk vi høyra av professor Breivik. Det er ein del av det gode livet. Vi vart minte om at lukke ikkje er proporsjonalt aukande med meir pengar på kontoen. Nei, mykje viktigare enn det - du har ei sjel! fekk vi høyra. På veg opp trappa til daglegstova står det framleis på vegg: "Tak vare på hjarta framfor alt som du vaktar, for livet utgår frå det." (Ordspr. 4,23).

Husleigetilskot

Statsstøtta for Tryggheim stig med ca. 5 % for 2014. Det er naturleg i høve til løns- og prisvekst. Det som er meir gledeleg er at vi for andre gong i historia får husleigetilskot. I budsjettavtalen mellom regjeringspartia og KrF og Venstre, er det sett av 10 mill. kr til dette. Det er under halvparten av det vi fekk ved førre høve, men dette er likevel eit svært viktig signal om at også friskulane treng gode husvære til undervisninga. Det fortener skulane, og det fortener foreldra som også betaler sin skatt!

Kvardagsglimt

I haust vart mange av oss med på DYT – ein aktivitetskonkurranse initiert av NLM. Av dei 313 NLM-dyttarane, var det over 50 frå Tryggheim skular. Både i høve til lag og individuelt var det svært god innsats! Og ikkje minst, hovudgevinsten, 14 dagar til misjonslandet Kenya, gjekk til miljøarbeidar på Tryggheim Georg Kolnes – vi gratulerer!

Vi har også i haust hatt forkynnarar innom til møteveker, både Sverre Hovda, Magne Birkedal og no sist Marit Andersen saman med eit flott lærar-elev-team frå Bibelskolen Fjellhaug. Det var godt frammøte. Vi opplevde igjen det under at ordet ikkje vender tomt tilbake. Forkynninga gjer noko med oss. Ungdom stoppar igjen til samtale og forbøn. Dette gjev glede i friskulekvardagen.

Tusen takk for omsorg, forbøn og gåver!

Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene til fånytte, Sal. 127,1.



Er Kongenes Konge venta?

Asbjørn Kvalbein fortel om noko som hendte i USA for fleire år sidan. Det kom ein telefon til ei av forsamlingane, der presidenten i USA pleidde å gå. «Kjem presidenten til møtet på søndag?» "Nei, det er ikkje sikkert," sa han som tok telefonen, "men Kongenes konge er venta - så det blir nok eit godt møte."

I Evangeliet etter Lukas kan me lesa om ei ung kvinne, Maria, som fekk besøk av engelen Gabriel. Ho fekk ei uventa melding. I Lukas 1, 28 - 30 står det:

«Engelen kom inn til henne og sa: «Ver helsa, du som har fått nåde! Herren er med deg!» Ved desse orda vart ho forskrekka og undrast på kva denne helsinga skulle tyda. Men engelen sa til henne: «Ver ikkje redd, Maria! For du har funne nåde hos Gud.»

Ein forunderleg bodskap om ein Gud som var og som er så uendeleg glad i oss menneske at han sende sin eigen Son til verda, for at han skulle ta på seg all vår synd og straff. Det er fullbrakt var sigersropet som lydte på Golgata.

Det er eigentleg dette jula handlar om. Ei kjærleikserklæring frå Gud vår skapar og Frelsar.

I ein av dei mange flotte julesongane står det:

*En krybbe var vuggen som ventet ham her,
det lille barn Jesus, vår Frelser så kjær.
Men stjernene lyste helt inn der han lå,
det lille barn Jesus, på leiet av strå.*

*Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.
Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.
Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik,
men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.*

*Fra krybben til korset gikk veien for deg,
slik åpnet du porten til himlen for meg.
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,
så alle kan samles i himlen hos deg!*

Er du klar til å ta imot Kongenes Konge? Skal denne jula få bli eit nytt møte for deg - med han som har som sitt høgste ynskje å få flytta inn til deg? Eg vonar du denne jula kan få stemma i verset:

*«Jeg er Guds barn, jeg er Guds barn,
det er min lovsang, jeg er Guds barn!
Elsket av Gud, Frelserens brud,
tenk å få være Guds barn.»*



Tron-Arild Grødem
Leder Tryggheim ungdomsskole

Illustrasjonsfoto



Lisa ble kjørt til skolen...

■ Tekst Knut Handeland

Der vart Lisa sett på ein stol, kroppen vart disiplinert og passivisert – stikk i strid både med naturlege impulsar og rørslebehov, og truleg og i strid med god læring. Ho blei tjukk av inaktivitet, fylt med risikovegring i møte med forbod og moderne husmor-HMS og nærast kokt innanfrå av polstra varmedressar og sykkelhjelm. Lisa vart eit klossete, treneva og dampande offer for det velmeinande samfunnets krenking

av hennar grunnleggande barnerettar: Retten til å utforska, ta risiko, svelta, frysa, blø og brekka ein fot. Når Lisa har sete 13 år på skulen, har ho vendt seg til å sitje i ro, og utan sterke kontraimpulsar frå miljøet vil "Trippe, tripp, det sa" berre vere eit livs-langt monotont ekko av parkett og asfalt frå barnesko til gåstol.

Schildringa er ei fri attgjeving av Gunnar Breiviks skrekksenario for oppveksten i det moderne Noreg. Motsatsen er homo

ludens – det leikande menneske – som tek vare på leiken, også den fysiske, inn i voksenalv og alderdom, med avdøde filosofiprofessor Arne Næss som beste døme på god frileikar.

Få vil gløyme setninga: «Det skjer for få barneulykker i Norge», og om du ikkje fekk med deg foredraget, kan det nok vere vanskeleg å skjønne kvifor hundrevis av foreldre nikkar samtykkande til ein slik påstand. Sjølv flyt Gunnar lettbeint over scena medan han lærer det han lever. I 45 minutt held han ein fullsett møtesal i mental rørsle med ei fantastisk blanding av filosofi, forskning og friske døme. «Fysisk aktivitet, spenning og det gode liv!» var overskrifta, og ingen treng vere i tvil om budskapet, den vart perspektivrikt skildra, spissformulert og solid underbygd. Mennesket er ein heilskap av sjel og kropp, me kan ikkje delast opp, kroppen er eit fantastisk meisterverk gitt oss av Skaparen, den er naudsynt og aktiv i trusliv og gudsteneste og skapt til gode gjerningar. Den må brukast, vere i rørsle heile livet, elles forfell fort både kropp og sjel, sa han, og viste til samanhengar mellom psykisk lidning og fysisk inaktivitet.

Breiviks budskap minna til dels om kreativitetsforskaren sir Ken Robinson som hevdar at seinmoderniteten sin logikk lærer at kroppen berre er ein transportør av hovudet mellom auditoriet, kontoret og heimen. Skulesystema er lagt opp til å avla universitetsprofessorar – folk som

Temadag på Tryggheim

■ Tekst: Knut Handeland

Laurdag 9. november drog Tryggheim vgs i gong ein temadag for elevar og foreldre. Dagen skilde seg på fleire måtar frå den tradisjonelle foreldrefesten, blant anna ved at det vart rekna som ein skuledag, noko som ikkje såg ut til å dempa trivselen. Endå viktigare var endringane på innhaldssida. Idrettsprofessor Gunnar Breivik var invitert som foredragshaldar og festtalar, og han fekk ein travel dag med to foredrag og tale. Temaet for foredraga var «Fysisk aktivitet, spenning og det gode liv!» Først eit foredrag for alle, så eitt berre for elevane og til sist festtale for full sal.

Dagen var elles sterkt prega av engasjerte elevar; russestyret, elevrådet og miljøarbeidarane hadde lagt godt til rette gjennom misjonstivoli der dei på ulikt vis samla inn pengar til årets misjonsprosjekt. Det var bilvask, svampkasting og ei noko utradisjonell bilopphogging etter mottoet: «Slå eit slag for Jesus». Kvelden vart avslutta med Russebasaren, så ingen treng klaga på manglande høve til å få tømt lommeboka. Innimellom mat, foredrag og aktivitetar var det klassevise foreldresamlingar og foreldresamtalar. Folk let vel – og alle dei positive tilbakemeldingane tyder på at denne samlingsforma er liv laga.




Idrettsprofessor Gunnar Breivik
Foto: Livar Apeland

bur i sine egne hovud; om dei motviljug absolutt må bruke kroppen til noko anna, lengtar dei berre heim etter å skrive ein artikkel om det. Men Breivik set ikkje det intellektuelle opp mot det kroppslege; snarare tvert i mot. Me er ein heilskap og me tenkjer faktisk endå betre og klarare når me er i rørsle. Han oppmoda oss til å prøve å gå tur og lese bok samstundes for å få bekrefta denne antikke visdommen.

Breiviks foredrag var eit uttrykk for vilje til å ta skapartrua på alvor. Han heldt fram at kroppen korkje skal nedvurderast, neglisjerast eller dyrkast, slik biverknadane av vekslende filosofiar og teologiar stundom har vore, men me har grunn til å undrast og vere takksame over kroppens kompleksitet. Utsegna: -Jeg betrakter meg som en reisende i 1. trosartikkel, stadfestar både kor han har fundamentet og kor han hentar inspirasjonen.

Folk verka svært godt nøgd, så om du ser nokon i toppen av eit tre med gåstol og ski på beina, så har dei truleg tatt Breivik på ordet. Han oppfordra nemleg til å vere kreativt aktiv, styre unna utstyrshysteriet, vere nysgjerrig, la barna få ta risiko, bruke naturen og vere breitt orientert og interessert. Til slutt eit herleg sitat frå ein mann som tydelegvis ikkje har lagt korkje beina eller hovudet på hylla, sjølv om han formelt er blitt pensjonist: «Alt som virker vanskelig og nesten umulig interesserer meg».



Illustrasjonsfoto

Lyden av lesing er lyden av framtida

■ Av Sofie Braut

Dei som har teikna det nye studierommet inn på Tryggheimkartet, har utprega sans for å kombinera fysisk og mental fostring. Elles kan det ha noko med at rommet vart etablert nett den hausten då dei skritt-teljande fantastane i Dytt-konkurransen var på sitt mest farsott-frenetiske. Men lat konspirasjonsteoriane kvila; det har altså blitt etablert eit vaskeekte studierom i tredje høgda i hovudbygningen, og regelen er at når du har gått to trapper har du to igjen. Men her finn du til gjengjeld eine enden av lærdomens regnboge: eit frampeik mot det sjølvgåande studentlivet som møter mang ein elev etter at dei har velta seg ut av det lune Tryggheim-reiret for å prøva vengjer og anna. Rommet under skråtakket som tidlegare gjorde teneste som klasserom for Helse- og oppvekst, er pr. i dag gjort om til eit studierom med ordentlege lesesal-pultar med godt lys og bra med plass. I tillegg er det ein del vanlege pultar midt i rommet som gjer at det også er plass til litt fleire elevar ved behov. Tryggheimhelsing likar alle slike nyvinningar med innebygd læringseffekt som potensiell meirverdi og tek ein lettbeint ekskursjon opp i tredje.

Ein lapp på døra i enden av gangen kunngjer lakonisk: Lesesal - stille! Det nøkterne imperativet er lakmustesten på om du har noko her å gjera eller ei. Og det er verkeleg damstilt her oppe. To jenter sit konsentrert ved kvar sin pult. Dei har eigentleg mykje å gjera, men tar seg smilande tid til å bryta lesesal-etiketten ved å svara på eit par spørsmål om den nye lesesalen. Begge går i 1stb og er alt blitt faste brukarar av det nye tilbodet, som dei er godt nøgde med. Hege Thu Lode og Ina Kristine Kverme er på lesesalen rundt 2-3 gonger i veka, og trivst her oppe.

- Me går opp hit for å få ro, det er så godt å ha ein plass der ein kan gå opp og berre lesa, seier Hege, som meiner rommet verkeleg er stilt og godt. Ei vifte susar litt i bakgrunnen, det er det einaste ho har av klagemål mot rommet, elles er det fredelig på alle vis, akkurat slik ein lesesal skal vera.

Klassevenninna Ina Kristine er heilt einig. Ho sit med mobilen og gjer ikkje eingong forsøk på å skjula han under ei tjukk oppslått bok eller anna som måtte skapa ein aura av lesesal-kred. Ho berre ler på dempa bibliotekvis når Tryggheimhelsings utsending hintar om at slik framferd strengt tatt ikkje passerer som grunn til å slita ut lesesalmøblementet.

- Me arbeider med det same engelskprosjektet, der me les Alcotts Little Women, og eg har lagt boka inn på mobilen, forsikrar ho, og understrekar at når det gjeld å finna ro til å lesa slike lange tekstar er det mykje greiare å sitja på lesesalen enn i klasserommet der elevtettleiken stundom tek opp konkurransen med konsentrasjonen.

Dei to venninnene seier at det ikkje akkurat har vore trøngt om plassen på lesesalen så langt, men at det ofte sit to-tre andre der, og at rommet dermed er i jamn bruk. Likevel er det heilt sikkert andre som både kan ha glede og nytte av å ta med seg bøker og tankar opp hit under det energisk gule skråtakket; finna ro og oversikt over fagstoff og få ei verkeleg effektiv lesesal-økt. Reine vedunderkuren for den intellektuelle sjølvkjensla!



Ein tysdag morgon i november: Fulldekkra frukostbord på pauserommet på Tryggheim ungdomsskule. Utan tvil eit trivselstiltak.

For ein arbeidsplass!

Det er vel ingen tvil om at det er genialt å vera lærar på ungdomsskulen (særleg om sommaren...). Å arbeida med menneske som er i ein retnings-givande del av livet gir jo stor meining i seg sjølv.

På Tryggheim seier dessutan fleire tilsette at dei opplever arbeidsmiljøet som særleg godt. Humøret er stort sett på topp, og det går sjeldan ein dag utan at ein høyrer kraftige latterkuler frå pauserommet. Kva er det som gjer det så fint å vera lærar her? Er det at kollegaene er rause med kvarandre ("Skal det vera ein 12-kilos Toblerone?"), at ein gir rom for både suksessar og feilsteg? Er det fordi det er OK å slå av ein spøk, "å slenga litt skit" (vel å merka med måte)?

■ Tekst & foto: Knut Reier Indrebø

Tek problema før dei oppstår

Veteranen Kjell Magne Hauge har vore på mange arbeidsplassar med godt arbeidsmiljø, men synest det er vanskeleg å setja fingeren på kva som er spesielt med Tryggheim.

- Skulen skil seg kanskje ut ved at administrasjonen her er særst gode på å følgja raskt og godt opp når noko ikkje fungerer. Difor vert det sjeldan behov for noko stort klagerop, seier han.

Liv Velde Hovtun og Jan-Magne Aanestad var nyttilsette ved skulestart 2013. Jan Magne har opplevd det spesielt å verta inkludert som fullverdig medlem av personalet allereie frå dag éin.

- Eg trengde ikkje utmerka meg eller prestera noko, men vart akseptert som person. Det er ein veldig varme mellom kollegaene, der alle har tid til kvarandre. Har du eit spørsmål, vil kollegaer ta tid til å svara deg uansett kor travle dei er. Det

har eg sakna på andre stader eg har vore tilsett, seier han.

Små drypp er viktige

Jan Magne meiner fellessamlingar i personalet, som bønemøtet på tysdagsmorgonen, også er positive faktorar.

- Det gjer at ein kan gle seg til å gå på arbeid, sjølv på ein kvardagsleg tysdag. Det skal ikkje alltid så mykje til, seier han.

Innimellom kjem det også noko ekstra. Som ein morgon i november, då karane i personalet stilte opp ekstra tidleg og dekkra eit rikhaldig frukostbord. Liv trur at slike små drypp skapar trivsel, slik at det ikkje alltid er bønn gass.

- Det er godt med slike pustehol. På Tryggheim er det eit kjekt sosialt miljø, men samstundes er det høg arbeidsmoral der ein står på, det er absolutt ikkje nokon kvileheim. Dessutan er det rom for ulikskepar mellom kollegaene, det er godt med slik god takhøgd, seier ho.

Vil hjelpa andre



Med valfaget *I Will Make a Difference* har Tryggheim ungdomsskule fått sin eigen frivilligsentral.

■ Tekst & foto: Knut Reier Indrebø

Klokka 14.00 ein torsdag ettermiddag er dei fleste tiandeklassingane ferdige med skuledagen, men for Svanhild Gabrielsen er det framleis ein god time igjen. Ho har nemleg teke plass på Bø skule på Nærbø, ved den avdelinga som er kalla ATO, som står for "Alternativ tilpassa opplæring." Her er det meininga at ho skal hjelpa dei opptil 11 elevane ved avdelinga som har litt andre utfordringar enn dei fleste andre. Ho hjelper til med det dei treng hjelp til, som

regel dreier det seg om å vera med på leik og måltid elevane har om ettermiddagen.

God førebuing

Svanhild har valt valfaget *I Will Make a Difference*, der det gøymer seg eit vell av hjartevarme og velvilje. Tanken er at elevane skal få bruka dette valfaget til nettopp å hjelpa andre. 11 av elevane på Tryggheim ungdomsskule har dette faget.

- Det er kjekt å få koma ut av klasserommet og gjera noko annleis, og eg valde faget fordi eg hadde lyst til å hjelpa andre. Dessutan lærer eg mykje om korleis det er å arbeida på ein slik stad, noko som er nyttig med tanke på at eg har tenkt meg vidare på Helse- og oppvekstfag til neste år, seier Svanhild.

Spennande og variert

Fagansvarleg Brit Klingsheim Tønnessen trur at faget har noko viktig for seg. - At elevane ser verdien i å bidra med hjelp til andre er berre ei av dei positive sidene ved eit slikt fag. Dei får sjå at det frivillige arbeidet er viktig. Dessutan er det eit spennande og variert fag. Elevane våre er spreidde på mange ulike stader, både på sjukeheimar, i private heimar, på ATO og på ulike oppdrag gjennom frivilligsentralen; her gir dei både praktisk hjelp og er med på besøksteneste. Allereie no har me fått ein del gode tilbakemeldingar på faget, seier ho.



*10.-klassingen Svanhild Gabrielsen trivst godt med valfaget *I Will Make a Difference*, der ho (nesten) heilt frivillig stiller opp til hjelp for elevane på ATO ved Bø skule.*

Ungdomstrinn i utvikling

Lærarane på Tryggheim ungdomsskule har over fleire år hatt samarbeid med lærarane på Tryggheim Forus. Dette har me opplevd som svært verdifullt. Sist skuleår hadde me inne ein fagperson frå «Senter for atferdsforskning». Temaet for desse samlingane var klasseleiing.

■ Av:Tron-Arild Grødem

Det passa derfor perfekt då Stortinget kom med ei stortingsmelding med overskrifta Motivasjon – Meistring – Moglegheiter. **Ynskje frå dei styrande i Noreg kan ein samanfatta i desse punkta:**

- Innføring av valfag
- Betre klasseleiing
- Betre opplæring i rekning og lesing

Gjennom auka valfridom som valfag gir, ynskjer ein at elevane skal bli meir motiverte og dermed få auka lærelyst. På ungdomsskulen kan elevane velja mellom Tresløyd, Stoff og Stil, Fotball, Ulike idrettar, I Will Make a Difference, Girlpower, Forsking, Friluftsliv og foto, Drama og teater og Medieproduksjon. Me opplever at elevane våre set pris på å ha valfag.

Forsking har synt at ein føresetnad for å skapa ei variert opplæring er at ein klarer å vera ein god leiar av klassen. Alle elevar i skulen har rett til eit fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Eit godt læringsmiljø ynskjer me alltid å arbeida for å få til. Det er godt dokumentert at det er ein klar samanheng mellom elevane sine faglege prestasjonar og deira læringsmiljø. Skulekulturen, relasjonane mellom elevane og mellom elev - lærar, i tillegg til det pedagogiske arbeidet,

påverkar kvarandre gjensidig. Samanhengen mellom eit godt læringsmiljø og det å oppnå gode resultat på skulen er tydeleg.

Gjennom satsinga «Ungdomstrinn i utvikling» har personala på Tananger ungdomsskule, Tryggheim Forus og Tryggheim ungdomsskule på Nærbø hatt fleire samlingar dette skuleåret. Ansvar for desse samlingane har Universitetet i Stavanger hatt. Det er viktig å arbeida med punkta ovanfor. Det å skapa ei felles forståing og haldning i personala er særskilt viktig. Ynsket vårt er å skapa ein så god skule som mogleg. Me gjer mykje rett, men ynsket om å alltid bli betre er viktig i skulearbeidet. Derfor er denne satsinga viktig.

Skule i sørstatsskogar eller på slettene i Nord-Italia?

Eit år i utlandet



Trine med klassen i Rovigo.

Fire Tryggheim-elevar var utvekslingsstudentar utanlands i fjor. Tryggheimhelsing har snakka med to av dei, Tonje Lode Ik Dahl og Trine Lode. Tonje var i USA og Trine i Italia. Begge går i 3STB.

- ved Ingvar Fløysvik
- Foto frå USA: Tonje Lode Ik Dahl
- Foto frå Italia: Trine Lode

- Eg hamna hos eit ektepar i 50-årsalderen midt uti skogen i Newton County, Arkansas, begynner Tonje. Naturen er vakker her i Ozark-fjella. Ikkje langt frå huset eg budde i, er eit utsiktspunkt der ein kan sjå utover store område. Særleg om hausten då den varmekjære, storblada lauvskogen kledde seg opp i raudt og gult, var det berre nydeleg. Men grisgrendt var det. Skulle eg treffa vener, måtte nokon køyra meg. Dette var Sørstatane på sitt beste, og hadde du ikkje dei rette meiningane, burde du helst be Gud opplysa deg. «Alle» var republikanarar og mislikte Obama. Newton County er eit «tørt» fylke, det vil seia at det ikkje er lov å selja alkohol her. Skulen hadde 250 elevar

- frå pre-school, barnehage, til siste året på highschool.

Trine kan fortelja om litt andre forhold. Ho budde i utkanten av Rovigo, ein by med rundt 50.000 menneske på lågsletta mellom elvane Adige og Po, åtte mil sørvest for Venezia. Skulen var ein naturfagleg «liceo» og hadde rundt 800 elevar. I Italia går elevane fem år på barneskule, tre år på ungdomsskule og fem år på «liceo», den vidaregåande skulen.

- Eg gjekk inn i nest siste året på skulen. Linjefaga på skulen var jo realfag som fysikk, kjemi osv. Elles hadde me italiensk, engelsk,



Trine lærer å laga pasta fra botn.

historie, filosofi og kroppsøving. Me hadde òg latin, men det slapp eg å fylgja på alvor. Religion var eit frivillig orienteringsfag, og det var ingen prøvar her. Me lærte om ulike religionar og retningar, men den katolske kyrkja var utgangspunktet som alt anna vart samanlikna med. Protestantiske kyrkjer hadde få høyrte om, og mange trudde ikkje protestantane var kristne. Elles kunne du velja fransk, men undervisninga i dette faget kom då i tillegg til dei obligatoriske faga. Elevtalet i klassen var som i Noreg, 30. Elevane tiltala læraren med etternamn og brukte høflege tiltaleformer. Det var lite samspel mellom lærarar og elevar. Læraren førelas, og elevane noterte. Elevane hadde



Tonje graduerer frå highschool.

ingen presentasjonar for klassen, i staden var det munnlege utspørjingar.

- Men undervisninga gjekk vel føre seg på italiensk, innvender me, var det mogleg å få noko ut av det?

- Eg fekk eit kurs på fem økter gjennom AFS, organisasjonen som ordna utvekslinga. Men lærarane var velvillige og hjelpsame. I byrjinga leverte eg skriftlege arbeid på engelsk. Allereie før jul kunne eg gå heilt over til italiensk. Det gjekk fort å læra språket, for eg høyrde aldri anna. Endåtil amerikanske fjernsynsfilmar var dubba til italiensk.

Tonje gjekk siste året på highschool og rakk til og med å «graduera» før ho vende nasen heim til Noreg og Nærbo.

- Eg hadde engelsk, algebra, amerikansk historie og valfaga biologi, foto og tale, fortel ho. Sport var viktig på skulen, men det var inga undervisning i kroppsoving for dei som ikkje var på skulelaget i ei eller anna sportsgrein. Lærarane stod friere enn hos oss. Av og til kunne dei bruka halve engelsktimen til å snakka om daglegdagse ting før dei kom til det eigentleg faglege. Dei hadde òg meir makt enn i det norske systemet. Nokre av utvekslingsstudentane vart tvinga til å ta fag dei ikkje ynskte – for at skulen skulle få nok elevar i faget. «Vel du ikkje dette faget, stryk eg deg,» fekk dei høyra.

- Maten var eit kapittel for seg, held Tonje fram. Eg åt både frukost og lunsj på skulen. Til frukost var det gjerne frukostpizza eller corndogs (pølser innbakt i pannekakedeig). Michelle Obama hadde arbeidd for sunnare lunjsmat, men om det visstnok hadde vorte betre, var det framleis lite ekte saker, mest kjøtfarse, mjølkefri ost osv. Eg kunne kjenna at eg fekk mindre overskot av å eta berre usunn mat. Så det var godt å koma heim til grovbrød og ekte råvarer!

Begge jentene ser tilbake på året i utlandet med glede. Trine fortel at ho budde hos ein familie på fire. I starten var det ikkje så lett, for ho våga ikkje heilt å snakka om det ho var usikker på, trong hjelp til eller ynskte annleis. Etter kvart vart ho ein av dei. Sjølv hadde ho kort veg til byen og skulen, men mange av klassekameratane budde lenger unna og kom med tog.

Tonje har òg kontakt med vertsfamilien sin framleis.

- Huset dei budde i, var enkelt, fortel ho, - så eg set meir pris på norsk kvalitet og hygiene no. Men dei var svært glade i meg. Trine meiner ho har lært mykje av året i Italia, både om seg sjølv, om Italia og om italiensk.

- Å ta eit år som utvekslingsstudent er noko eg vil rå alle til å gjera, seier ho.



Brennbar høgtid jula si oskeside i pedagogisk lys

I tillegg til familiære samkome, hyggje og god mat er jula dessverre og prega av mykje vitlaus omgang med open eld. Tallause er dei brannane som har tatt til i julepynt og dekorasjonar. Små Betlehemsmarker har blitt offer for den brende jords taktikk i dei tusen heimar. «Nysteikte» forkola små-esel er så langt frå idyll ein kan kome. Så ver varsam no i den komande tida.

Elden har truleg til alle tider fascinert menneska, både for sine to framifrå nyttefunksjonar; varme og ljøs, men og for det alltid skiftande fargespelet som kan hypnotisera ein gjennomsnittleg peisbrukar og leirbålaktivist. Fortryllinga over elden tok brått slutt i 2007, då Apple lanserte sin fyrste iPhone. Her kunne ein laste ned open 2D-eld som ein kunne ta på, og justere ljøsstyrken utan å brenne fingrane. Samstundes treng ein ikkje å halde telefonen over grua, fordi røykutviklinga er minimal. Ribba vert nok ikkje heilt gjennomsteikt om du legg ho på telefonen, men langtidsmørning, det går fint. Kaldrøyking er eg meir usikker på. Uansett, det er ikkje måte på kva ein slik app kan greie, ifølgje Google Play:

La ilden brenne i telefonskjermen! For-skjønne det med de brennende flammer glitrende når du bruker telefonen!
- Interaktiv funksjon: Trykk hvor som helst på skjermen og nye sparkles vises umiddelbart!
- Det er full støtte for liggende modus
- Denne vakre, gratis og hyggelig bakgrunn venter på deg!

Det pedagogiske poenget her er sjølvsgatt å få lesarane til å erstatte farleg open eld med digital eld no i jula.

Elles inneber jula, som alle andre talrike og lange friperiodar i skuleåret, ein umåteleg fare for mental dehydrering. Me tilpassar oss fort ein reint vegeterande livsstil, så når kalenderen tippa over i 2014, er faren stor for at me ravar rundt som zombiar nokon og ein kvar.

Det er så lett å tenkje at grunnleggande ferdigheiter inneber å puste, gå og ete, men i skulen strekkjer me oss som kjent litt lenger. Eg vil såleis slå eit slag for jamt høgt mentalt aktivitetsnivå og har laga ei tverrfagleg oppgåve som eg bed dykk bruke som botemiddel på nemnde problem.

Samanlikningsoppgåve

Tema: Brann

Mål: Fremje lærings-insomnia i juledøsen

Lesetekst 1

Brann-trekanten har dei fleste høyrte om; ein brann treng brennbart stoff, rett temperatur og oksygen for å halde seg brennande. Vert ein av dei fjerna, sloknar elden.

Oppsummeringsspørsmål så langt: Kor mange element trengs til ein brann? 1, 2 eller 3?

Lesetekst 2

Ein læringsituasjon består av tre element: Elevar, lærestoff og lærar – men det tar ikkje alltid fyr. Det brenn dårlegare jo turrare kvart av elementa er.

Oppsummeringsspørsmål så langt: Kor mange element består ein læringsituasjon av? Skriv eit tal

Læringsoppdrag basert på lesetekst 1 og 2
Finn ut om samanlikninga ovanfor er kjenneteikna av kontrast eller likskap. Er det ein analogi? Grunnge svaret. Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.

Kva for ein av påstandane under er rette?
Set kryss.

- Eldsjeler er farlege for turrpinnar
- Både elevar og lærarar kan slokne

Skriv ein reflekterande tekst om samanlikninga ovanfor

Den kan f. eks. byrje slik:

«Kva meir kan vi lære av denne grundige samanlikninga? Truleg svært lite. Kanskje bortsett frå nok ei erfaring av å ha lese eller høyrte noko utan å få så mykje vist ut av det - truleg den hyppigaste erfaringa som råkar gjennomsnittseleven. Slik sett fungerer samanlikninga som ei (metakognitiv) empati-øving i dei daglege mentale stresstestane som elevrolla består av. Det er utanfor denne teksten si målsetjing at du skal sitje att med ei slik erfaring når lesinga er over, men likevel innanfor grensene for ein mogeleg verkemåte.»

God Jul!

Knut Handeland



Møte i internatelevrådet: F.v. Stine Zaal, Åshild Ryen, Linn Katrin Gloppen, Merete Sliimestad, Nils Olav Kallestad, Ariel Mæstad og Halvard Solheim. Foran f.h.: Are Henningsen, Håkon Lyngøy, Mina Barane, Kristina Aarsland, Bjørnar Skjørestad og Tobias Kristensen.

To engasjerte og erfarne ledere

■ Tekst og foto Anne-Berit G. Aanestad

Leder av elevrådet Olaus Trygve Bjuland fra Nærbø

Et par uker inn i skoleåret skal alle klassene velge tillitselev, og disse blir så medlemmer av elevrådet. På første samling skal elevrå-



Olaus Trygve Bjuland

det velge en leder blant egne medlemmer. I år falt valget på Olaus Trygve Bjuland som går i 1STa. Det er ikke så veldig vanlig at en 1.-klassing blir elevrådsleder, som regel er det en litt mer erfarne og husvarm 2.- eller 3.-klassing. Men Olaus er allerede både en erfaren leder og mer husvarm på Tryggheim enn de fleste på hans alder.

På initiativ fra Olaus har elevrådet i år tatt på seg å arbeide spesielt for at alle elevene skal føle seg inkludert, uansett hvilken studieretning de har valgt. Alle skal føle samme medansvar og tilhørighet til skolen.

- Hvilke oppgaver har du som elevrådsleder?

- Jeg skal bistå elevene på skolen og ta deres innspill på alvor. Jeg kommer til å bruke mye av tiden min til å tale elevenes sak, f.eks. nå under budsjettforhandlingene. Da er det min oppgave å ta tak i de sakene vi har snakket om, og følge dem opp. Så skal jeg ha kontroll på tillitselevne og sørge for at alt det de tar opp blir fulgt opp.

- Er det noe konkret du vil ta spesielt tak i?

- Samhold, flere alternativer når det gjelder leie-PC, ... og kaffemaskin!

- Du er jo en forholdsvis ung elevrådsleder, har du noen erfaring med organisatorisk arbeid fra før?

- Jeg har vært aktiv i politikken i tre år, og er vant til å snakke i forsamlinger og ta ledelsen. Som ungdomspolitiker er jeg også vant til å lede møter der de fleste andre er eldre enn meg.

I tillegg føler Olaus at han har en spesielt sterk Tryggheimtilknytning. Det aller første leveåret sitt bodde han faktisk på skoleområdet, og på den tiden var begge foreldrene hans ansatt som lærere på Tryggheim. Moren hans er fortsatt lærer her, og ellers har han vært med på alt som har foregått av fester og russebasarer osv. opp gjennom barndommen. Han gikk i Tryggheim barnehage og på Tryggheim ungdomsskole.

- På grunn av denne oppveksten min har jeg nok et ekstra engasjement for skolen. Jeg har alltid vært engasjert i det som foregår her, og da vi gikk på ungdomsskolen var vi som regel med på torsdagsmøtene også.

- Hvor ser du deg selv om ti år?

- Da håper jeg at jeg er folkevalgt og kanskje sitter på Stortinget, og at jeg har fått advokatlisensen.

Vi ønsker Olaus lykke til med vervet som elevrådsleder for 2013/14!

Tryggheimkalender

JANUAR

Man. 6. Skolestart
Tirs. 7. – søn. 19. Møteuker

FEBRUAR

Man. 10. – fre. 14. Leirskole VG1
Ons. 12. Tryggheimbasar
Lør. 15. Foreldredag og Tryggheimbasar
Man. 17. – fre. 21. Leirskole VG1
Man. 24. – fre. 28. Vinterferie

MARS

Tirs. 11. – søn. 16. Møteuker

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)

Sofie Braut

Ingvar Fløysvik

Knut Handeland

Björg Topnes

e-postadresse: post@tryggheim.no

Kasserer: Aud Bodil Voll

Bladet koster kr 100,- pr år.

Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Visste du at...



Anita Storesætre (ST 08-11) og **Knut Vidar Magnussen** (BA/PB 07-10) giftet seg 3. august
Mette Brix (AF 04-07) og **Sigve Dyrhovden** giftet seg 3. august
Oddny Bekkeheien-Skrettingland (AF 04-07) og **Tom Risa** giftet seg 3. august
Sofie Nøttveit (ST 06-09) og **Erlend Seglem** giftet seg 3. august
Kine Gahnstrøm (AF 98-01) og **Stein Bjarte Kalviknes** hadde bryllupsfest i Norge 10. august
Ragnhild Thingbø (AF 05-08) og **Anders Dirdal** (AF 01-04) giftet seg 31. august
Merete Torsteinbø (HS/PB 07-10) og **Petter Tveranger** (EL 07-09) giftet seg 31. august
Inger Svela (HP 03-04) og **Vegard Halsne** (EL 95-97) giftet seg 7. september
June Kristine Thorkildsen (ST 08-09) og **Endre Kvalvåg** giftet seg 14. september
Olufine Skretting (HS/PB 04-07) og **Gisle Hagen** giftet seg 21. september
Anne Synnøve Vestly (HS/HP 98-01) og **Steinar Østby** giftet seg 5. oktober
Marit Åsland (ST 01-04) og **Marius Ekroll** giftet seg 12. oktober

Vi gratulerer!

Dersom dere kjenner noen som bør være med på denne listen, er det flott om dere gir oss beskjed om det. Send en e-post til aaanestad@tryggheim.no eller ring eller skriv til skolen. Tips oss!

Leder av internatelevrådet Tobias Kristensen fra Nord- heimsund

Siden Tryggheim også har internat, må det hvert år velges et internatelevråd. Hver internatfløy velger i løpet av de første ukene sin fløyleder, og disse utgjør til sammen internatelevrådet. Tobias Kristensen som går 3. påbygg er leder for internatelevrådet i år.

- Hvilke oppgaver har du som leder av internatelevrådet?

- Min viktigste oppgave er å sørge for at miljøet rundt om på internatene er så godt som mulig. Jeg har ikke fått noen egen instruks, så det er mye opp til meg selv hva jeg gjør det til. Jeg må bare se etter muligheter til forbedring, og ta opp de sakene jeg mener er nødvendige.

Jeg har også ansvar for fløylederne, ca. 15 stykk. De har ansvar for å ta opp saker elevene på deres fløy har bedt dem om. Det er viktig at vi som fløyledere viser omsorg for de andre elevene slik at vi kan bli tillitspersoner som andre tør å henvende seg til hvis det er noe de vil vi skal gå videre med.

Hvis det er noe av det praktiske som ikke er i orden eller som vi ønsker en forandring på, så er det min oppgave å gå videre med det til internatleder, vaktmester eller rektor. I år har vi f.eks. fått ordnet med flere nye treningsapparater på treningsrommet.

- Har du noe erfaring med ledelse fra før?

- Ja, jeg var faktisk internatelevrådsleder i fjor også. Dermed kan jeg videreføre litt av arbeidet vi startet da. I fjor fikk vi f.eks. satt i gang flaskeinnsamling rundt om på internatene til inntekt for misjonsprosjektet. I år har vi utvidet innsamlingen med å sette flaskeposer i alle de andre byggene også, bl.a. i kantina.

- Hvor ser du deg selv om ti år?

- Da vil jeg se meg selv som en som tjener Gud som Han selv vil! Ikke misforstå, jeg vet jeg bare er et menneske.

Vi ønsker Tobias lykke til med vervet som internatelevrådsleder for 2013/14!



Tobias Kristensen

Gleda ved å hjelpa

På bakerste rad finn vi mellom andre Tryggheim-jentene Tone Haddeland, Sunniva Thorisdottir, Kathrine Malmin og Hanne Hodne.

Hanne Hodne, Kathrine Malmin og Tone Haddeland frå Klepp er heiltente for hjelpearbeid blant fattige born og familiar i Ukraina. Dei har delteke på hjelpeiser i regi av KPK («Kristne Pensjonerte Konfirmanter») Ukraina tre-fire gonger kvar. Til kvardags går dei i andre klasse på Tryggheim. Tryggheimhelsing undrast på kva som driv norsk ungdom til gjera livet lettare for folk under andre himmelstrok.

■ Tekst: Bjørg Topnes
■ Foto: Hanne Hodne

- Det er gleda som gjer at vi reiser om att. Her i Noreg forventar alle alt. I Ukraina er gleda svært stor om dei berre får ein klem eller eit par vottar. Vi føler vi er med på å hjelpa – det har noko å seia at vi er der. Ukraina er blitt vår andre heim, påstår tre svært engasjerte jenter. Orda trillar frå munne som erter or ein pose.

Kathrine og ei venninne hadde tre veker praksis i Ukraina i fjor i samband med vg1 helse og oppvekst. Dei budde og arbeidde tre veker på ein barneheim, men jobba også på ein babyavdeling på eit sjukehus. Der hadde foreldra gitt frå seg borna mot pengar, og der skulle dei vera til dei vart store nok for barneheim. Dette gjorde sterkt inntrykk på jentene.

Men engasjementet starta ikkje der.
- Det byrja med at kateketen i Klepp arrangerte langturar for konfirmantleiarane. Etter kvart kom tanken om meir meningsfulle turar, og kontakten med KPK Ukraina vart oppretta. Det er no nesten to år sidan den første turen, og deltakarane vart rett og slett hekta. Seinare har vi vore med på både ein og to hjelpeturar kvar, seier Kathrine.

- Vi bur på barneheimen House of Mercy, og deltek i arbeidet. Det er vanlege ungdommar som held til der, men dei har veldig sterke forhistoriar og er prega av det. Vi møtte mellom andre fire søsken mellom sju og tolv. Dei fortalte at foreldra hadde sendt dei ut som gjetarar, men at dei ikkje alltid kunne gå heim att om kvelden fordi foreldra var fulle. Åleine i utmarka måtte dei forsvara seg mot ville dyr og ta vare på kvarandre.



Dei blir vaksne fort, fortel Hanne. Og det er desse usannsynlege historiane som gjer mest inntrykk på oss.

- Enkelte dagar inviterer vi fattige naboborn til barneheimen og gir dei mat. Vi lagar til sporleik og sekkeløp, eller kanskje pepperkakebaking.

- Vi er også mykje ute i sju-åtte av landsbyane til rom-folket, seier Kathrine. Der deler vi ut mat, klede og leiker. Vi har aktivitetar, leikar med borna, har ringleikar og deler ut fadder-gåver, men arbeider også for hjelp til sjølvhjelp. Det er veldig gildt.

- Å vera til stades under gudstenestene i kyrkjene i desse landsbyane er sterkt. Til tross for dårlege levekår syng borna kristne songar, trur på Gud og er takknemlege for det dei har, fortel Tone.

Hjelpesendingar frå Klepp vert sende av garde annankvar månad. Dei har sett at det er enorme behov i Ukraina. Nokre får regelmessig hjelp og ting vert forbetra. Men det er også sterkt å sjå at mange lever under dårlege forhold over lang tid, ja, heile livet.

- Ein periode døydde åtti personar av kulde i «vårt» område. Om vinteren er det stort behov for varme klede, men om sommaren er det gildare med leiker, seier jentene og



Å boogie, boogie, boogie er alltid ein slager.

let meg forstå at det stadig er mogleg å bidra til arbeidet.

Ei innvendig dei ofte møter gjeld pengebruken. Kunne dei ikkje heller gitt det turen kostar?

- Vi kostar heile turen sjølv, og eg meiner det absolutt er verdt det, seier Kathrine. Det gjer noko med hjarta mitt å vera der, og dessutan har det ringverknader når fleire vert direkte involverte. Til no har vi samla inn ein halv million kroner. Då vert dei ti tusen reisekronene mine berre ein dråpe i havet.

Jentene har planar om fleire turar. Engasjementet er brennande. Dei gir mykje, men får vel så mykje igjen.